

Vår saksbehandlar: Petter Haagensen

Vår dato:
28.11.2019
Dykkar dato:
27.11.2019

Vår referanse:
2019/11961
Dykkar referanse:

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Utbetalingsbrev hausten 2019 - Lærarspesialistutdanning 2019-kullet, 1. semester

Grunnlag for utbetalinga

Statsbudsjettet for 2019 vart vedteke av Stortinget i desember 2018. Vedtaket går fram av Stortingets behandling av Innst. 12 S (2018 – 2019) og Prop. 1 S (2018 – 2019) for Kunnskapsdepartementet.

For ytterlegare informasjon om ordninga viser vi til <https://www.udir.no/larerspesialister>

Utbetaling av vikarmiddel for lærarspesialistutdanning 2019-kullet, 1. semester

Utbetaling av vikarmidlar for hausten 2019 er basert på:

- Skoleeigarens stadfestingar i søknads- og oppfølgingssystemet på at lærarane deltar på lærarspesialistutdanninga. Berekninga er basert på opplysningar per 08.11.2019.
- Deltakarar som har trekt seg etter studiestart, har fått avkorta vikarmidlar i tråd med kva for månad dei trekte seg i. Skoleeigar får vikarmidlar til og med den månaden avbrotet vart registrert i søknadssystemet.

Oversikt over lærarane som deltek i lærarspesialistutdanning finn de på TAVLA:

<http://www.udir.no/verktoy/tavla/> og i søknads- og oppfølgingssystemet: <http://komp.udir.no/extranet> under modulen «Lærarspesialistutdanning 2019».

Følgjande vil om kort tid bli utbetalt til Meland kommune til 15031883722:

Grunnlag	Antall/sum	Periode	Sats	Beregnet tilskudd
Lærarspesialistutdanning 2017	102000,00	Jul-Des	—	102 000,00
Totalt:	102000,00			102 000,00

Utbetalinga er merkt «Lærarspesialistutdanning 2019-kullet». Merk at det er totalbeløpet under kolonnen «Beregnet tilskudd» som vil bli utbetalt.

Vilkår for utbetalinga

Mottakaren har plikt til å melde frå til Utdanningsdirektoratet med ein gong dersom grunnlaget for midlane blir endra eller fell bort. Midlane kan da trekkjast tilbake heilt eller delvis.

Utdanningsdirektoratet kan kontrollere at midlane blir nytta etter føresetnadene, jf. § 10 i Bevilgningsreglementet. Riksrevisjonen kan krevje innsyn hos mottakarar for å kontrollere at midlane blir nytta etter føresetnadene, jf. § 12 tredje ledd i lov av 7. mai 2004 om Riksrevisjonen.

Dersom Meland kommune ikkje har gitt riktige opplysningar, har brukt midlane i strid med føresetnaden, eller på annan måte har brote vilkåra for midlane, kan Utdanningsdirektoratet halde tilbake midlar eller krevje dei tilbake. Ved feil utrekning eller utbetaling av midlar kan det gjerast avrekning i påfølgjande tildelingar.

Med helsing

Ida Large
avdelingsdirektør

Petter Haagensen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent.